

Utval: Utval for miljø og samferdsel**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen**Dato:** 15.05.2019**Tidspunkt:** 11:00-16:00**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Atle Kvåle	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Per Lerøy	Medlem	A
Kari Foseid Aakre	Medlem	A
Svein Halleraker	Medlem	H
Iiril Schau Johansen	Medlem	H
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Gustav Bahus	Medlem	FRP
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	FRP
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KRF
Jon Askeland	Leiar	SP
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP
Marthe Hammer	Nestleiar	SV
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG

Gjekk kl. 15.10

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Geir Angeltveit	Medlem	V

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Torstein Gunnarson	Geir Angeltveit	V

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Direktør samferdsel
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar vegseksjonen
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar forvaltningsseksjonen
Torill Klinker	Seksjonsleiar transportplanseksjonen
Sølve Sondbø	Klima- og naturressursjef
Målfrid Vik Sønstabø	Direktør Skyss
Gunhild Vangsnes	Seksjonssjef Statens vegvesen
Beate Mæsel	Seniorrådgjevar Statens vegvesen
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar/møtesekretær, fylkessekretariatet

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 43/19	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 44/19	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 45/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 35/19	Svar på spørsmål om skilting i krysset E134/Fv 48	2015/8272	
RS 36/19	Midlertidige tiltak i påvente av ny E39 mellom Vågsbotn og Klauvaneset - Svar	2018/13472	
RS 37/19	Årsrapport 2018 - Fylkestrafikksikringsutvalet	2014/13889	
RS 38/19	Årsrapport 2018 - Trygg Trafikk	2014/11	
RS 39/19	Eigarrapport 2019-1 frå Ferde	2016/34293	
RS 40/19	Statusrapport Prosjekt innfartsparkering	2019/11039	
RS 41/19	Gratis å ta med sykkel på båtutene	2019/10878	
RS 42/19	Statusmøte om Nasjonal transportplan 2022-33 - Møtereferat frå tre møte om hhv. Vossabanen/E16 Arna-Voss (k5), E29 og Sotrasambandet	2018/10651	
RS 43/19	Uttale til Nasjonal transportplan 2022 - 2033 frå Odda kommune	2018/10651	
RS 44/19	Innspel til nasjonal transportplan og K5	2018/10651	
RS 45/19	Rapportar utarbeida av interesseselskap for ulike samferdselsprosjekt	2018/10651	
RS 46/19	Statens vegvesen evaluerer ikkje omlegginga til ca 50 mill kr av fv 567 gjennom Hosanger	2019/10150	
RS 47/19	Finansering av Ringveg aust	2018/15021	
RS 48/19	Fråsegn om snøggåtanløp i Bekkjarvik	2019/11011	
RS 49/19	Vedlikehald av gong- og sykkelveggar.	2019/10878	
PS 46/19	Innkomne spørsmål frå politikarane		
FO 10/19	Spørsmål frå Hammer - SV - Sykkeltryggleik i Natlandsveien	2019/11391	
PS 47/19	Ymse		
PS 48/19	Årsmeldingar for fylkesvegane i Hordaland og Miljøløftet	2014/505	
PS 49/19	Handlingsprogram Miljøløftet 2020 - 2023	2019/11003	
PS 50/19	Rapportering på handlingsprogrammet til Regional transportplan 2018-2029	2015/10633	
PS 51/19	Søknad om ruteløyve til privat ferjedrift mellom Bruravik og Brimnes	2019/2034	
PS 52/19	Sykelbyavtale med Os kommune	2019/10734	
PS 53/19	Bestillingstransport - moglegheitsstudie	2014/278	
PS 54/19	Passasjerbetaling på fylkesvegferjer med AutoPass	2015/11763	

PS 43/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2019

Innkallinga og sakslista vart godkjend.

PS 44/19 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2019

Møteboka frå møte 10.4.2019 vart godkjend utan merknader.

PS 45/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2019

RS 35-47/19 og RS 49/19 vart refererte.

I samband med sak RS 48/19 vedtok utvalet at saka vart sett på sakskartet som vedtakssak til neste møte i utvalet.

PS 46/19 Innkomne spørsmål frå politikarane

FO 10/19 Spørsmål frå Hammer - SV - Sykkeltryggleik i Nattlandsveien

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2019

Representanten **Marthe Hammer (SV)** har stilt slikt spørsmål:

Viser til sykkelulykke i Nattlandsveien: <https://www.bt.no/direkte/trafikken-direkte/pinned/130090>

Nattlandsveien er ein fylkesveg. Dette er ikkje fyrste gongen i år at det er ei sykkelulykke i Nattlandsveien.

Det er mange syklistar på denne vegen fordi den topografisk er eigna for syklistar til jobb i byen og bergensdalen, men også ein veldig utsatt sykkelveg for syklistar. Nullvisjonen skal ligge til grunn for all trafikksikring og trafikkplanlegging. Med mål og strategi om auka sykkelandel må vi legge til rette for trafikktryggleik også for syklistar

Spørsmål til samferdsledirektøren

1. Kor mange ulykker har Nattlandsveien hatt for syklistar siste 3 år. Kva type ulykker er det snakk om?
2. Kva kan ein seie om årsaka til at desse ulykkene skjer?
3. Kva tiltak er satt i verk? Og kan ein seie at ein har sett effekt av det?
4. Kva tiltak ser ein for framover? Er det ein mulighet å fjerne gjennomgangstrafikk og eller redusere hastighet?
5. Ny sykkelstrategi for Bergen er i startfasen. I kva grad ser ein etter andre trasear for syklistar på dette strekket som kan vere betre for syklistar.

Svar på spørsmåla

Svara er avgrensa til den del av fv 585 som har gatenamn Nattlandsveien, og som omfattar strekket frå Birkelundstoppen og til trikkeløypa i Fridalen.

Til spsm 1:

Det er i perioden 2016-18 registrert 12 trafikkulykker med til saman 2 hardt skadde og 12 lettare skadde på denne strekninga. (Det er førebels ikkje offisielle ulykkestal for 2019).

Av desse 12 personskadeulykkene er det to ulykker som involverer sykkel, med ein alvorleg skadd og to lettare skadde. Sykkelykkene skjedde i krysset med Kolstien (alvorleg skade) og i krysset med Sofus Madsens veg. Begge ulykkene er kryssulykker med venstresving framfor kryssande kjøretøy.

Til spsml 2:

Det er generelt eit samansett trafikkbilde med høg trafikkmengd, stamlinje for buss med mange avgangar, fotgjengartrafikk og sykkeltrafikk i sykkelfelt i nedoverbakke. Ulykkesregistreringar over tid viser at det er overvekt av denne type ulykker spesielt mellom Nattlandsfjellet og Mannsverk der to av kryssområda representerer definerte ulykkespunkt. Fv. 585 er forkjørsregulert. Mange av ulykkene har samanheng med brot på vikeplikt.

Til spsml 3:

Det har over tid vore gjort ei rekke trafikkisikringstiltak i Nattlandsvegen retta mot sykkelykker. I 2014 vart det i samband med reasfaltering gjennomført merking av sykkelfelt frå Nattlandsfjellet til Langhaugen.

I 2017 vart det gjennomført tiltak i området mellom Langhaugen og trikkeløyfa der det m.a. vart etablert signalregulert gangfelt ved Landåsveien, innføring av forbod mot venstresving inn/ut frå Vognstølen der det var registrert fleire sykkelykker.

I 2018 er det gjennomført mindre tiltak mellom Nattlandsfjellet og Mannsverk der det er sett opp skilt om ulykkespunkt og der sykkelfelta er malt med raud maling gjennom kryssområda.

Ulykkesregistreringane før og etter 2014 viser ein klar nedgang i ulykkestal, også for sykkelykker. Dette kan tyda på at dei nemnde tiltaka kan ha hatt positiv effekt på ulykkestalet, men SVV meiner framleis at det er klare utfordringar med omsyn til ulykkesrisiko på strekket, spesielt i tilknytning til kryssområda frå Nattlandsfjellet og til Mannsverk.

Til spsml 4:

Med bakgrunn i ovannemnde situasjonsskildring har Statens vegvesen under utarbeiding eit forprosjekt som ser på trafikkisikringstiltak på strekninga frå Nattlandsfjellet og til Mannsverk, der ein m.a. ser på ulike løysingar for sykkeltrafikken. Forprosjektet (som er på det næraste ferdigstilt) vil gje råd om tiltak både på kortare og lengre sikt. Bergen kommune arbeider med ein reguleringsplan for sykkelløysing i Nattlandsveien frå Wiers Jensens vei og til Hagerups vei.

Med tanke på vegens funksjon så er det vanskeleg å gjere grep som kan redusere gjennomgangstrafikk.

Me vurderer nedsett fartsgrense til 40 km/t i Nattlandsveien som eit aktuelt tiltak i tråd med nye fartsgrensekriterier.

Til spsml. 5:

I komande sykkelstrategi vil det bli forslag om eit framtidig rutenett som skal planleggast og utbyggast dei neste 10 åra. I dette arbeidet har det ikkje konkret blitt vurdert alternativ til Nattlandsveien, men i oppstart av arbeid med sykkelløysing for Nattlandsveien og traséen vidare inn mot sentrum/Fløenstien vil det vere naturleg at ein som første fase ser om det er alternative korridorar på strekninga Birkelundstoppen – Kronstad/Haukeland - Fløenstien som kan fungera som alternativ til Nattlandsveien som i dag er ulykkesutsett.

PS 47/19 Ymse

Orienteringar

- Prosessen rundt etablering av avdeling for veg og infrastruktur og overføring av sams vegadministrasjon v/Dina Lefdal, Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Revisjon av salskanalstrategien v/Tom Steinstad, Skyss.

PS 48/19 Årsmeldingar for fylkesvegane i Hordaland og Miljøløftet

Forslag til innstilling

Fylkestinget tar Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland 2018 og Årsmelding 2018 for Miljøløftet til orientering.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget tar Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland 2018 og Årsmelding 2018 for Miljøløftet til orientering.

PS 49/19 Handlingsprogram Miljøløftet 2020 - 2023

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget sluttar seg til forslaget til Handlingsprogram for Miljøløftet 2019 – 2022 slik det er lagt fram.
2. Frå 2021 vil det vere behov for å finansiere innkjøp av nye bybanevogner til Bybanen BT4 til Fyllingsdalen. Fylkestinget vil vurdere å finansiere dette over det fylkeskommunale bidraget til Miljøløftet, slik byveksttalen opnar for.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2019

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) sette på vegner av A, Sp, KrF, H og MDG fram slik protokollmerknad:

«MISA viser til Fylkestingsvedtak juni 2018 om ringveg aust:

Utdrag:

«Fylkestinget i Hordaland forventar at tidlegare løfte om å bygging av ein E39 til erstatning for Nyborgtunnelen vert haldne, og at stortingsfleirtalet sitt vedtak om å prioritera oppstart av ringveg aust med prosjektet Klauvaneset-Vågsbotn vert fylgd opp og får byggjearstart snarast.

Fylkestinget i Hordaland krev at planprogram, kommunedelplan og reguleringsplanarbeid for strekninga får høgste prioritet slik at prosjektet kan prioriterast opp i samband med rulleringa av NTP og i handsaming av statsbudsjettet.»

Misa viser vidare til St.prop for bypakke Bergen, der ein føreset 1,5 MRD i kontantbidrag til dei tre riksvegprosjekta på Ringveg aust.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 12 mot 3 røyster (FrP og V).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget sluttar seg til forslaget til Handlingsprogram for Miljøløftet 2019 – 2022 slik det er lagt fram.

2. Frå 2021 vil det vere behov for å finansiere innkjøp av nye bybanevogner til Bybanen BT4 til Fyllingsdalen. Fylkestinget vil vurdere å finansiere dette over det fylkeskommunale bidraget til Miljøløftet, slik byvekstavtalen opnar for.

Protokollmerknad frå A, Sp, KrF, H og MDG:

MISA viser til Fylkestingsvedtak juni 2018 om ringveg aust:

Utdrag:

«Fylkestinget i Hordaland forventar at tidlegare løfte om å bygging av ein E39 til erstatning for Nyborgtunnelen vert haldne, og at stortingsfleirtalet sitt vedtak om å prioritera oppstart av ringveg aust med prosjektet Klauvaneset-Vågsbotn vert fylgd opp og får byggjestart snarast.

Fylkestinget i Hordaland krev at planprogram, kommunedelplan og reguleringsplanarbeid for strekninga får høgste prioritet slik at prosjektet kan prioriterast opp i samband med rulleringa av NTP og i handsaming av statsbudsjettet.»

Misa viser vidare til St.prop for bypakke Bergen, der ein føreset 1,5 MRD i kontantbidrag til dei tre riksvegprosjekta på Ringveg aust.

PS 50/19 Rapportering på handlingsprogrammet til Regional transportplan 2018-2029

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek å ta statusrapportering på handlingsprogrammet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029 til orientering, og understreker viktigheita av at tiltaka vert fylgd opp og gjennomført i tråd med vedteke handlingsprogram.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2019

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkestinget peikar på kap 5.2. Den søkbare potten for trafikksikringstiltak og punktutbedring har gitt veldig gode resultat, og har i hovudsak vore retta mot trafikksikring langs skuleveg.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget vedtek å ta statusrapportering på handlingsprogrammet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029 til orientering, og understreker viktigheita av at tiltaka vert fylgd opp og gjennomført i tråd med vedteke handlingsprogram. Fylkestinget peikar på kap 5.2. Den søkbare potten for trafikksikringstiltak og punktutbedring har gitt veldig gode resultat, og har i hovudsak vore retta mot trafikksikring langs skuleveg.

PS 51/19 Søknad om ruteløyve til privat ferjedrift mellom Bruravik og Brimnes

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet finn ikkje å kunna innvilga søknaden om ruteløyve for ferjedrift på strekninga Bruravik-Brimnes.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2019

Stein Inge Ryssdal (H) sette på vegner av partia H, FrP, V, MDG, Sp, SV, A og KrF fram slikt felles forslag:

«Tillegg:

....då Bruravik ferjekai er vedteke disponert til anna føremål.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.
Ryssdal sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet finn ikkje å kunna innvilga søknaden om ruteløyve for ferjedrift på strekninga Bruravik-Brimnes, då Bruravik ferjekai er vedteke disponert til anna føremål.

PS 52/19 Sykkelbyavtale med Os kommune

Forslag til innstilling

1. Fylkeskommunen går inn for å etablere sykkelbyavtale med Os kommune og Statens vegvesen for perioden 2019 – 2022
2. Det vert årleg sett av kr 200 000,- til føremålet over fylkesvegbudsjettet.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkeskommunen går inn for å etablere sykkelbyavtale med Os kommune og Statens vegvesen for perioden 2019 – 2022
2. Det vert årleg sett av kr 200 000,- til føremålet over fylkesvegbudsjettet.

PS 53/19 Bestillingstransport - moglegheitstudie

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet rår til å i verksette ein pilot for bestillingstransport i Odda, liknande HentMeg i Sauda
2. Kostnadane med pilotprosjektet må dekkjast innanfor gjeldande budsjett.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2019

Mette Heidi Ekrheim (Sp) sette fram slikt oversendingsforslag til administrasjonen:

«MISA ber om ei utgreiing på bestillingstransport til/frå Etne i korrespondanse med snøggåten i Skånevik.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Ekrheim sitt forslag vart vedteke oversendt til administrasjonen utan realitetsbehandling.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet rår til å iverksette ein pilot for bestillingstransport i Odda, liknande HentMeg i Sauda.
2. Kostnadane med pilotprosjektet må dekkjast innanfor gjeldande budsjett.

PS 54/19 Passasjerbetaling på fylkesvegferjer med AutoPass

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek å halda fram med implementeringa av AutoPASS-regulativet for fylkesvegferjene i Hordaland i tråd med tidlegare vedtak, utan at passasjerbetaling vert innført på nytt.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2019

Svein Halleraker (H) sette på vegner av H og FrP fram slikt fellesforslag:

«Alternativ:

Fylkestinget vedtek å gjeninnføre passasjerbetaling på fylkesvegferjene i kombinasjon med Autopass-systemet. Meirkostnad for bil som følgje av dagens gratisordning for personar, fell bort.»

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) sette på vegner av A, KrF, Sp, SV, MDG og V fram slikt felles oversendingsforslag til administrasjonen:

«Misa ber administrasjonen arbeida vidare med å utgreia konsekvensane av ulike måtar å innføra passasjerbetaling, som skal vere klart til fylkesutvalet si handsaming av saka. Særleg ønskjer vi å utgreia alternativ 1 nærare. Vi ønskjer ei oversikt over konkrete kostnader knytt til alternativ 1. Vi ber administrasjonen utgreie moglegheita for løysingar der ein kjøper kontrolltenester lokalt.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 10 røyster (A, KrF, Sp, SV, V og MDG) mot 5 røyster (H og FrP) for Halleraker sitt forslag, som fall.

Rasmussen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt til administrasjonen utan realitetsbehandling.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget vedtek å halda fram med implementeringa av AutoPASS-regulativet for fylkesvegferjene i Hordaland i tråd med tidlegare vedtak, utan at passasjerbetaling vert innført på nytt.